



SULA KOMMUNE



Aktiv og glad i eit trygt miljø



# Molvær barnehage

## Pedagogisk plattform

Vi les og syng og leikar saman,  
skaper liv og røre!  
Ofte går vi ut på tur  
til både skog og fjøre.  
Aktive og glade er  
små og store saman her.  
Vi har det både trygt og godt  
i Molvær barnehage

## PEDAGOGISK PLATTFORM I MOLVÆR BARNEHAGE

Alle fagarbeidarar, assistentar og pedagogar som arbeider i Molvær barnehage, skal ha eit bevisst syn på barn og barndom. Kva syn har vi på barn og barndom? Korleis utøver vi vaksenrolla utifra dette? Korleis arbeider vi for å fremje god og riktig utvikling for barna?

Svara på desse spørsmåla dannar det pedagogiske grunnsynet i barnehagen vår. Det er ikke konstant, men blir endra i takt med ny forskning og kunnskap om barn og deira si utvikling. Vi arbeider kontinuerlig med å reflektere saman og konkretisere vårt pedagogiske grunnsyn. Dei viktigaste punkta i det pedagogiske grunnsynet vårt, finn vi i visjonen og verdiane våre.

Visjonen vår:

***Aktiv og glad i eit trygt miljø.***

Aktiv:

- Barna skal få vere delaktig i eigen kvardag og utvikling
- Barna skal få lære å vise solidaritet og medkjensle med andre
- Barn skal få vere i rørsle og bruke kroppen sin
- Barn tileignar seg grunnleggande normer og verdier
- Barna skal få god tid til lek og variert aktivitet
- Barn skal få utvikle vennskap og gode relasjonar

Glad:

- Humor og glede skal vere ein del av kvardagen i barnehagen
- Barnet skal glede seg over livet
- Barna skal få oppleve glede i å vere saman med andre
- Barna skal få oppleve meistring

Trygt miljø:

- Barna skal få utvikle vennskap og kjenne at dei høyrer til i barnehagen
- Barna skal ta del i fellesskapet utifra egne føresetnader
- Barnet møter tydelege vaksne som set grenser og gir etisk rettleiing
- Barna skal bli verdsett og oppleve eigenverdi
- Det fysiske miljøet skal vere tilrettelagt for utfalding og aktivitet

Visjonen vår skal kome til uttrykk gjennom dei felles verdiane våre.

Alle i Molvær barnehage har vore med å utarbeide verdigrunlaget vårt, slik at alle har eit eigarskap til det.

## **VERDIGRUNNLAGET I MOLVÆR BARNEHAGE**

MEISTRING: I Molvær barnehage skal dei vaksne vere støttande stillas for barna.

OMSORG: I Molvær barnehage skal barna møte autoritative vaksne.

LEIK: I Molvær barnehage skal dei vaksne tilrettelegge gode leikemiljø.

VENNSKAP: I Molvær barnehage har dei vaksne ansvar for at barna får vener å leike med.

ÆRLEG: I Molvær barnehage skal vi opparbeide gode relasjonar både til barn og foreldre, slik at dei kjenner seg trygge.

RAUS: I Molvær barnehage skal dei vaksne vere løysingsorienterte, og ikkje vere redd for å gi litt ekstra!

Desse verdiane skal legge grunnlaget for kvardagslivet i barnehagen.

### **Synet vårt på barn**

Barnet er unikt og har rett på å bli møtt som eit subjekt. Barndommen har eigenverdi, og vi ser på barna som kompetente aktører som kan medverke i sin eigen kvardag.

Vygotsky meiner at barnet blir både klokare og sterkare gjennom samhandling med andre. Han brukte begrepet «den proksimale utviklingssone» som er den sona som ligg mellom det ein kan mestre åleine og det ein kan mestre med hjelp frå kompetente andre. I denne perioda er det viktig at dei vaksne er det som Bruner omtalar som «støttande stillas». Han beskriv oss vaksne som stillas for barn når vi støttar dei. Det vil sei at når dei skal lære ny kunnskap, bygg vi vaksne stillas for det einskilde barnet etter kor mykje hjelp det treng. Då kan vi hjelpe det å mestre noko det ikkje hadde klart å meistra utan hjelp.

### **Progresjon**

Alle barn i Molvær barnehage skal oppleve progresjon. Rammeplanen for barnehagen seier progresjon i barnehagen er at alle barn skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Barn er ulike, har ulik alder, og vil naturleg trenge ulik tid og tilpassing for å utvikle seg. Gjennom barnehagekvardagen vil barn få ulike erfaringar og opplevingar. Vi skal legge til rette for at barn i alle aldersgruppe får varierte leike-, lærings- og aktivitetsmuligheter. Gjennom å oppdage, følge opp og utvide det barna er opptekne av, kan vi legge til rette for mestringsopplevingar og gi dei noko å strekke seg etter.

## **Vaksenrolla**

Vi vaksne i Molvær barnehage skal møte barna på ein autoritativ måte. Dette er noko alle i Sula kommune er forplikta til. Den autoritative vaksnestilen skal vere ein varm vaksen med tydelege grenser og gode relasjonar til barna.

Gode relasjonar er alfa og omega når ein skal skape gode lærings- og leikemiljø for barnet. Den autoritative vaksnestilen vert framheva som den beste i møte med barn, og difor den vi ynskjer skal kjenneteikne dei vaksne i barnehagen vår. Den vaksne har då positiv kontroll, set tydelige grenser og har klare forventningar til barnet, samtidig som dei er varme og akseptierende.

«Vi ønsker at barn og unge i kommunen skal ha ein trygg oppvekst, likeverdige tilbod og moglegheiter. Dei skal utvikle kompetanse som fremjar meistring, deltaking og god psykisk og fysisk helse, og som bidrar til at dei er best mogleg rusta for vaksenlivet. I møte med våre tenester skal barn og unge møte autoritative vaksne med rett kompetanse, omsorg for og blikk for det enkelte barn sine utfordringar» (jmf. Kultur og oppvekstplan, Saman om læringsreisa 2022-2032)

## **Barna sin medverknad**

Lov om barnehage, grunnlova og FN's barnekonvensjon sikrar barn sin rett til medverknad, og legg vekt på at barn har rett til å seie meininga si om alt som gjeld dei sjølve, og at meiningane deira skal vektleggast. Alle barn skal erfare at dei kan påverke det som skjer i barnehagen. For oss betyr det at barnehagen skal legge til rette for, og oppmuntre til, at barna får gitt uttrykk for sitt syn på barnehagen si daglege verksemd. Personalet i Molvær barnehage skal vere bevisst på barna sine ulike uttrykksformer i samsvar med deira alder og modningsnivå. Barna skal få bli sett, høyrte og forstått. Dei skal vere med på å påverke korleis vi legger til rette for deira interesser og meiningar i vårt pedagogiske arbeid. Medverknad er noko anna enn å la barna bestemme og få gjere som dei vil. Barn skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta og det må vi vaksne ta ivare.

## Leik

Leik er en vesentlig og stor del av barns liv. Leik har egenverdi, er lystbetont og indremotivert. Leiken som fenomen er universell, men samtidig er den kulturell og spesiell. I barnehagen legg vi stor vekt på leiken, den fremmar utvikling og har derfor ein viktig funksjon.

Dei viktigaste kjenneteikna på leik er:

- Leik er lystprega, barna leiker for å leike.
- Leiken skjer kor som helst og når som helst
- Leik er på liksom, det er ei reise inn i ei fantasiverd
- Leik kan vere ei førebuing til den vaksne verda
- I leiken kan barna utforske, skape og erfare

Leiken si form og innhald henger mellom anna saman med barnas alder, modning, interesse og opplevingar. Den første leiken vi ser er spedbarnet si oppdaging av eigen kropp. Etter kvart viser små barn ei interesse for kroppsleg motorisk leik, leik med gjenstandar rundt seg og samleik med andre.

I Molvær barnehage vil vi gi barn gode erfaringar og opplevelsar gjennom leik. Vi ønsker at leiken skal vere eit grunnlag for livslang læring, og at barna får erfaring med relasjonsbygging, inkludering, sette grenser for seg sjølv og forebygge mobbing. Vi vil gi rom for at dei små og store kan ha møtepunkt ute og inne der dei kan leike ilag, lære og erfare om kvarandre.

Voksne si holdning til leik har stor betydning. I Molvær barnehage har vi ei positiv holdning til leik. Dei vaksne si rolle i leiken er mellom anna å beskytte, berike, oppdage og bekrefte barn sin leik. Vi beskytte leiken gjennom å lage leikesoner, skjermer leik og legge til rette for små grupper der vi gir barna tid og rom for å leike både gjennom planlagte aktivitetar og på eige initiativ. Vi oppdager leik gjennom observasjon, vi er "på golvet" med ungane, ser kva ungane er interessert i og liker å leike med. Gjennom å møte ungane sine initiativ i leiken er vi med på å bekrefte leiken. Vi beriker også leiken ved å vere aktive, tilstedeværende og "tett på". Blir vi invitert med i leiken tek vi imot invitasjonen. For å berike leiken tilfører vi nye element, vi skifter ut leiker og finner fram nye og har temaarbeid som gir felles opplevingar og referanserammer.

## **Omsorg**

Rammeplanen seier at omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. God omsorg styrker barnas forutsetningar til å handle omsorgsfullt både ovanfor seg sjølv og andre, slik skaper vi eit trygt og inkluderande barnehagemiljø. I vår barnehage skal alle barn oppleve at dei blir sett, høyrte, forstått og respektert. Vi skal legge til rette for omsorgsfulle relasjonar og vere lydhøyre for kva barna uttrykkjer og kva behov dei har. Omsorg handlar om trygge gode relasjonar mellom barna og mellom barna og dei vaksne. Hos oss er den vaksne autoritative, og barna skal møtast med varme, interesse, og på ein støttande, anerkjennande, tydelege og omsorgsfulle måte.

## **Danning**

Danning er ein livslang prosess som mellom anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar, for å kunne fungere godt i samfunnet. Noko av det viktigaste i danningprosessen er å gi barna god sjølvkjensle, og at dei gjennom den både kan sjå seg sjølv og andre. Dette krev kompetente vaksne som er tilstades, som tek barna sine meiningar, tankar og kjensler på alvor, og gir barna oppgåver dei kan meistre. Danning skjer i samspel med omgjevnadane og andre. Gjennom danning blir grunnlaget for barna si allsidige utvikling lagt.

## **Læring**

Læring foregår i det daglege samspelet med andre mennesker og med miljøet, og er nært samanvevd med leik, omsorg og danning. Vi i Molvær barnehage skal støtte barna sin nysgjerrighet, kreativitet, vitebegjær og lærelyst og bidra til eit godt grunnlag for livslang læring og danning.